2021 var eit år for handling, fokus og samspel, då vi sette fart på strategi og gjennomføring for å styrke posisjonen til Bremnes Seashore, og Bremnes Fryseri-konsernet. Produktporteføljene til konsernet er samansett av sterke merke og konsept som er kjenneteikna av ein høg kvalitetsstandard. Krava frå forbrukarane er samtidig i endring, og fokus på nye produkteigenskapar som sunnheit og berekraft har fått større merksemd. Vi har lagt større vekt på alle dei positive moglegheitene som ligg føre oss, og har gjennom betydelege investeringar i utvida foredlingskapasitet og innføring av ASC-sertifisering gjort grep for å møte endringane i marknaden.

Som mange andre i vår bransje har vi halde fram med å navigere i kjølvatnet av effektane frå koronapandemien, som gav meir omfangsrike problem i leverandørkjeda og meir dynamiske råvareprisar i 2021. Samtidig opplevde vi at biologiske utfordringar i stor grad avgrensa effektiviteten, spesielt i sjøproduksjonen vår. Som eit resultat av dette blei omsetninga noko redusert samanlikna med året før. Vi er likevel svært stolte over innsatsen som alle tilsette i Bremnes Seashore har lagt ned i eit krevjande år.

Omsetninga til Bremnes Seashore AS endte på 2 705,2 millionar kroner som er ein reduksjon på -9,6 % samanlikna med 2020. Reduksjon av omsetning kjem som eit resultat av lågare slaktevolum av eigen og ekstern fisk målt mot året før. Samtidig auka dei realiserte råstoffprisane med 5,8 % som følge av ein vedvarande høg etterspørsel av laks. Prisveksten kom til tross for svært høgt tilbod gjennom året, og er eit teikn på styrken i den internasjonale laksemarknaden.

Oppdrettsaktiviteten vår hadde god produksjon med høg konsesjonsutnytting. I gjennomsnitt oppnådde vi ein produksjon per konsesjon på 1 191 tonn. Samtidig oppnådde vi eit slaktevolum på 26 214 tonn, ein reduksjon på 5,7 % samanlikna med 2020. Den gode produksjonen fekk vi til gjennom forbetringar i aktivitetane våre i sjø – sterkt drivne av større smolt med tilhøyrande redusert produksjonstid. Verktøy som fjernstyrt føring har bidratt til auka grad av spesialisering, noko som viser igjen på både produksjon og resultat. Slike tiltak, som bidrar til styrkt kontroll og meir føreseieleg føring og biologisk utvikling, vil sikre at den stabile veksten held fram. Kostnadsbiletet på slakta fisk var prega av enkelte grupper som drog gjennomsnittet sterkt opp. Samla oppnådde vi ein reduksjon på 3,2 % i produksjonskostnaden for oppdrett i 2021, samanlikna med 2020.

Merkevarane SALMA og BÖMLO omsette samla på rekordnivå, med eit totalvolum på rett over 4 000 tonn ferdigvarer. Ein slik produksjon kravde råstoff tilsvarande 28,4 % av heile slaktevolumet til konsernet i 2021. Trass i ein skiftande og krevjande marknad, har salsapparata i Salmon Brands og Sjør levert gode meirverdiar for konsernet i 2021.

Vi nyskapar og arbeider hardt for å industrialisere eigen produksjon gjennom auka produksjonskontroll og digitalisering. Vi lanserer produkt som set standarden i sine marknader. Vi opererer med høgast integritet og er forplikta til etterleving. Vi investerer i våre tilsette og utviklar eigne talent. Dette er alle gode eksempel på etterleving av verdiane våre – truverd, arbeidsglede og utvikling – noko som gir god grobottn for forventningar til fortsettinga.

BREMNES SEASHORE AS

Bremnes Seashore har hovudkontor, samt fabrikk for slakting og vidareforedling i Bømlø kommune, med produksjonsavdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Verksemda er en del av Bremnes Fryseri-konsernet der aktivitetane til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing, foredling og sal av oppdrettslaks og lakseprodukt.

Visjonen vår er å sette den nye globale standarden for kvalitetslaks. For å verkeleggjere denne visjonen må vi vere best på kvalitet, etisk standard og berekraftig miljøarbeid – med eit fokus retta mot ferskheit, hygiene, fiskevelferd, kunnskap og innovasjonsevne. Som føregangsbedrift for kvalitetslaks må vi òg styrke posisjonen

Penneco Dokument nr: QFZSY-P4H1Z-UFUU5-N7ZX7-U3NIIJ-61PLE



vår som ein leiande leverandør, med høgast tilfredsheit hos utvalde kundegrupper i den globale marknaden. For å klare dette, tar vi mål av oss å dra nytte av heile den integrerte verdikjeda og å leie an i utviklinga av kvalitetsfremmande produksjonstiltak. Ved å legge vekt på endå betre samhandling, sikrar vi langsiktig verdiskaping for våre kundar og konsernet gjennom optimal drift, sterk konkurransekraft, auka produksjonsvolum, reduserte kostnader og auka volum av foredla varer.

Det strategiske fokuset for selskapet og konsernet elles omfattar berekraft, auka verdi på produksjonen, styrkt kostnadsfokus, i tillegg til å skape meirverdi gjennom merkevarer og konsept. Det er avgjerande for selskapet å sikre ein berekraftig lakseproduksjon i sjø, og at ressursane våre blir brukte i samsvar med dette. Vi set likskapsteikn mellom berekraft og lønnsemd, og berekraftsfokuset vårt kjem til uttrykk gjennom dei krav vi set til samarbeidspartnarar i heile verdikjeda, innovasjonskulturen vår, og gjennom fokuset vårt på å sikre gode og trygge arbeidsplassar gjennom ein berekraftig og lønnsam produksjon og lokal verdiskaping. Gjennom investering i stor smolt, utvida samarbeid med naturlege partnarar i bransjen og målretta organisering, har vi ambisjon om å betre biologiske føresetnader, auke overlevinga og heve produksjonen på sjø under eksisterande løyve.

Lågare produksjonskostnad oppnår vi gjennom betre kapasitetsutnytting i produksjonen og tilrettelegging for optimalt produksjonsfokus. Etablering av innkjøpsfunksjon, styrking av utviklingsarbeidet som støttefunksjon, aktivitetsbasert organisering, implementering av nye digitale løysningar og auka grad av automasjon, er viktige tiltak som vil bidra til meir effektiv drift gjennom støtte og frigjerings av kapasitetar i verdiskapingsleddet. Å skape meirverdi av laksen gjennom attraktive produkt for konsumentmarknaden skjer gjennom innovasjon og foredling av råstoff av høgaste kvalitet – i ein produksjon med høg automatiseringsgrad og strenge hygienekrav. Satsing på produkt som er attraktive for betalingsvillige kundar, og innovasjonar som genererer auka lønnsemd, sikrar meirverdi for konsernet.

Vi har tru på at felles fokus og betre samhandling vil vere forløysande for å hente ut potensialet i organisasjonen, slik at vi realiserer visjonen til konsernet.

FINANSIELLE RESULTAT

Dei finansielle resultatene er skapt i interaksjonen mellom menneske, natur og teknologi. Langsiktig suksess kviler på eit godt samspel mellom desse, i tillegg til vekst basert på miljømessig og finansiell berekraft.

SELSKAPSRESULTAT

Omsetning og volum

Omsetninga for 2021 var NOK 2 705,2 millionar, som var ein reduksjon på -9,6 %, eller NOK 285,7 millionar, samanlikna med omsetninga på NOK 2 990,8 millionar i 2020.

Selskapet hadde eit slaktevolum på 26 214 tonn (gwt) fisk i 2021. Dette er ein reduksjon på 1 581 tonn frå året før. Det vart prosessert 23 377 tonn ekstern fisk gjennom året, noko som er ein nedgang på 2 181 tonn, eller 8,5 %, samanlikna med 2020. Den gjennomsnittlege lakseprisen auka med 6,2 % i 2021, samanlikna med 2020.

Materialkostnad

Varekostnaden for 2021 enda på NOK 1 809,3 millionar, ein reduksjon på -13,7 %, eller NOK 287,2 millionar, samanlikna med varekostnaden på NOK 2 096,5 millionar i 2020.

Løns- og personalkostnader

Totale løns- og personalkostnader for 2021 var NOK 326,4 millionar, som var ein auke på 9,7 %, eller NOK 28,7 millionar, samanlikna med NOK 297,6 millionar i 2020. Auken kom hovudsakleg frå vekst i årsverk og lønsvekst. Netto auke i 2021 var 29,6 årsverk, inkludert innleigd arbeidskraft.

Andre driftskostnader

Totale andre driftskostnader for 2021 var NOK 287,3 millionar. Samanlikna med 2020 auka andre driftskostnader med NOK 24,9 millionar, eller 9,5 %, gjennom 2021.



Driftsresultat (EBIT)

EBIT i 2021 vart NOK 169,4 millionar – ein reduksjon på 5,9 % samanlikna med NOK 180,0 millionar i 2020. Utviklinga er samansett, og er hovudsakleg driven negativt av reduksjonen i eige slaktevolum og driven positivt av betre gjennomsnittleg salspris i perioden.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kredittisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet har sett det som naudsynt, har vi styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

Skatt

For 2021 vart skattekostnaden på NOK 35,8 millionar, samanlikna med NOK 33,0 millionar i 2020.

KONSESJONAR

Selskapet har 21 ordinære konsesjonar i tillegg til fire FoU-konsesjonar. Den bokførte verdien av konsesjonsrettane er i årsrekneskapan oppført med NOK 198,1 millionar for 2021, uendra frå 2020. Den gjennomsnittlege netto utnyttinga av konsesjonane utgjer 91,7 % i 2021. Samanlikna med 94,5 % i 2020, utgjer dette ein nedgang som kjem på grunn av redusert produksjon - som resultat av større biologiske utfordringar siste halvår 2021. Det er ei forventning om ei forbetring i utnyttinga dei kommande åra. Eit viktig element i denne samanheng er satsinga på større gjennomsnittsvekt på smolt som vert sett ut, noko som vil bidra til kortare produksjonstid i sjø og auka hausting per konsesjon.

LIKVIDITET OG KAPITALRESSURSAR

Dei viktigaste likviditetsressursane våre er kontantbeholdning, inntekter frå drift, og til ein viss grad banklån. Likviditetsbehovet kjem hovudsakleg gjennom varekostnader, inkludert ekstern fisk og fiskefôr, investeringar, annan arbeidskapital, og kapitalkostnader til behandling av gjeld og utbytte. Dagens beholdning av kontantar er tilstrekkeleg for å dekke arbeidskapitalbehova i ordinær verksemd.

Bremnes Seashore er deltakar i konsernet sin konsernkontoordning. Samla netto renteberande gjeld for konsernet var NOK 323,0 millionar per 31. desember 2021, mot NOK 230,1 millionar for same tidspunkt i 2020. Netto gjeld over sysselsett kapital utgjorde 13,9 % for 2021, medan tilsvarende forhold var 10,1 % i 2020.

Bremnes Seashore har styreansvarsforsikring for styrets medlemmar og leiande personell via Bremnes Fryseri-konsernet sin styreansvarsforsikring.

KONTANTSTRAUM

Kontantstraum frå drift

For 2021 enda kontantstraum frå drift på NOK -114,9 millionar, samanlikna med NOK 673,9 millionar for 2020. Nedgangen kom frå auke av varelager og endring i andre tidsavgrensingspostar.

Kontantstraum frå investeringar

Kontantstraum frå investeringar var NOK -58,8 millionar for 2021, mot NOK -188,8 millionar i 2020 – på grunn av redusert investeringsaktivitet i 2021.

Kontantstraum frå finansiering

Kontantstraum frå finansiering var NOK 0,2 millionar for 2021, samanlikna med NOK -391,2 millionar i 2020. Av dette utgjorde konsernbidrag NOK -123,6 millionar og netto regulering av gjeld NOK 123,8 millionar.

ÅRSRESULTAT

Resultatet etter skatt kom på NOK 127,2 millionar. Dette er ein auke på NOK 7,0 millionar samanlikna med NOK 120,2 millionar i 2020.

DISPONERING AV RESULTAT

På den komande generalforsamlinga vil styret foreslå at årsresultatet på NOK 127,2 millionar skal disponerast som følger: Avsett konsernbidrag på NOK 140,3 millionar i 2021. NOK 13,1 millionar skal overførast frå anna eigenkapital.



VIDARE DRIFT

Med bakgrunn i dei finansielle resultatene, blir det i samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfesta at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapslova, og at rekneskapslova gir eit rettmessig bilete av konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle posisjon og resultat. Stadfestinga er basert på rapporterte resultat og konsernet sin strategi, finansielle situasjon og etablerte budsjett.

BEREKRAFT

I store delar av verda er det eit stadig aukande fokus på berekraft og industriell verdiskaping. På grunn av koronapandemi og urolige internasjonale forhold har føreseieleg tilgang på sunn og næringsrik mat fått ny vekt. Samstundes får stadig fleire menneske ein betre levestandard, noko som vil krevje at framtidig matproduksjon møter auka global etterspørsel på ein berekraftig måte. Sjømat, og særskilt akvakultur, må i framtida stå for ein større del av verdas matproduksjon. For å bygge vidare på posisjonen til dei marknadsleiande merkevarane våre, vil Bremnes Seashore søke å stå fremst i næringa si berekraftige utvikling.

I tillegg til krav frå styresmakter i Noreg og EU, møter vi heile tida sterkare krav frå kundar og forbrukarar. For langsiktig vekst og utvikling av konsernet og bransjen, er det avgjerande at drifta skjer i tråd med styrkte forventningar og krav til miljø, reduksjonar i klimagassutslepp og ansvarleg forretningsframferd. Styret si oppgåve er å sikre at denne etikken vert tatt vare på etter beste evne, og derfor er også berekraft etablert som eit viktig fokusområde i strategien til konsernet. Dette krev stort fokus på rømmingssikker produksjon, biologisk mangfald, rett bruk av medikament, fiskehelse, berekraftig energi- og råvareutnytting og logistikk.

Med innføringa av openheitslova i 2022 forventar vi auka merksemd rundt menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda. Denne utviklinga er vi budd på.

Havbruk er kjøttproduksjon med eit lågt CO₂-utlepp. Vi må likevel arbeide systematisk for å redusere utsleppa, både frå fôr, produksjon og transport. Nytt av året er at vi har kartlagt utsleppa ikkje berre i eiga verdikjeda, men også hos våre leverandørar. Konsernets mål er å redusere utsleppa med 45 prosent fram til 2030, og vi vil styrke klimaomstillingsarbeidet i åra framover. Sjølv om våre eigne kutt bidrar til å nå berekraftsmåla, ønsker vi i tillegg å få fram gode døme for næringa og annan matproduksjon.

Det er eit mål at oppdrettsverksemda blir driven forsvarleg etter miljømessige mål. Selskapet overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift med akseptabelt fotavtrykk på miljøet.

Lakselus har òg i 2021 vore ei utfordring for selskapet. Som eit tiltak mot lakselusa har vi auka brønnbåtkapasiteten. Vi står difor betre rusta til å behandle lokalitetane ved teikn på auke i lusensivåa.

Berekraftsatsinga vår kjem òg til uttrykk i krava vi stiller til samarbeidspartnarar i heile verdikjeda, i innovasjonskulturen vår, og i arbeidet vårt for å sikre gode, trygge og utviklande arbeidsplassar som genererer lokal verdiskaping.

FORSKING OG UTVIKLING

I selskapet, slik som i konsernet elles, har vi som målsetting å utvikle oss gjennom målretta forskning og utvikling (FoU), og 2021 har også vore eit aktivt år på den fronten. Dette er viktig for å oppnå berekraftig vekst i bransjen gjennom god biologisk produksjon og eit mest mogleg klima- og miljøvenleg fotavtrykk. Arbeidet har i tillegg vore konsentrert rundt utvikling og forbetring av kvalitet og berekraft i slakte- og foredlingsprosessen, utvikling av nye foredla høgkvalitets merkevarer, og forskning på korleis vi kan utnytte heile råstoffet til menneskemat. Dette arbeidet har ei klar kopling mot utviklinga av ny foredlingsavdeling og satsinga på produktkvalitet og merkevarer. Selskapet sine FoU-aktivitetar blir utførte i nært samarbeid med norske forskingsmiljø.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT

HMS-arbeidet held fram kontinuerleg. Det er viktig for Bremnes Seashore å ha ein levande og innarbeidd HMS-kultur. Selskapet har to hovudverneombod og ti verneombod fordelt i organisasjonen. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har halde fire møte i 2021.

For første gang gjennomførte vi felles medarbeidarundersøking for heile konsernet i 2021, som kartlegg psykologiske, sosiale og organisasjonsmessige forhold i arbeidslivet. Resultata frå undersøkinga var jamt over gode, men deltakinga noko låg.

4 (6)



Trygt Heim-omgrepet står sterkt i organisasjonen, og skal understreke at vi legg vekt på arbeidstryggleik for dei tilsette. Alle skal jobbe så sikkert at dei sjølv og kollegaene kjem trygt heim kvar dag. Styret har stor tru på at gode haldningar, som speglar seg i åttferd og gode val, er nøkkelen til førebygging av alvorlege skadar – og har som mål å skape ein kultur der dei tilsette tek ansvar for både eiga og andre si sikkerheit. For å styrke dette haldnings- og handlingsarbeidet er oppfølging av registrerte sikkerheitsobservasjonar, meir erfaringsutveksling og tett samarbeid med verneomboda ein viktig del av HMS-arbeidet.

Målet til Bremnes Seashore og konsernet er null skadar. Sikkerheita til dei tilsette og eit sunt arbeidsmiljø står høgt på styret sin agenda, og styret vil ikkje akseptere at ein går på kompromiss med tryggleiken for å møte andre driftsmål. Samla sjukefråvær i konsernet utgjorde 5,8 % i 2021, ein nedgang frå 6,8 prosent i 2020.

Styret vil framleis arbeide for forbetra helse og tryggleik i den vidare drifta.

TILSETTE

Ved utgangen av 2021 hadde selskapet 538 tilsette. Samanlikna med 2020 er dette ein vekst på 73 tilsette. Kommande satsing på auka foredlingskapasitet var hovedårsaka til at vi blei fleire tilsette i 2021. Konsernet nyttar også innleigd arbeidskraft når det er naudsynt. I 2021 utførte innleigde tilsette 31 årsverk, noko som er ein auke på 9 årsverk samanlikna med 2020. Covid-19 har medført at bedrifta i mindre grad enn tidlegare har nytta seg av innleigde frå vikarbyrå.

Styret rettar ein stor takk til alle tilsette for innsatsen som vart lagt ned i 2021.

LIKESTILLING OG MANGFALD

Bremnes Fryseri-konsernet og selskapet er opptatt av å trygge likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, og å hindre diskriminering – i samsvar med diskrimineringslova sitt formål. Konsernet arbeider aktivt, målretta og planmessig for å sikre lovas formål om mangfald. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, karriereutvikling og vern mot trakassering.

Selskapet har som mål å vere en arbeidsplass der det ikkje skjer diskriminering på grunn av redusert funksjonsevne. Konsernet arbeider aktivt og målretta for å utforme dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mogleg.

Havbruk er ei næring som tradisjonelt har vore samansett hovudsakleg av menn, men dei siste åra har fleire kvinner søkt seg til næringa. Ved utgangen av 2021 var det høvesvis 36,6 prosent kvinner og 63,4 prosent menn i konsernet. Av styrets fire medlemmer er ei kvinne. Vi har ein profesjonell rekrutteringsprosess der vi bruker anerkjente rekrutteringsverktøy og har rutinar som skal bidra til likestilling mellom kvinner og menn og hindre anna diskriminering. For å jamne ut kjønnsbalansen og hindre diskriminering, jobbar vi kontinuerleg for å få eit likestilt, inkluderande og mangfaldig arbeidsmiljø.

Bremnes Seashore har tilsette frå mange kulturar og med ein mangfaldig erfaringsbakgrunn. Vi har over 20 nasjonalitetar representerte i drifta vår.

MARKNADSUTSIKTER

Det globale slaktevolumet av atlantisk laks er forventa å reduserast med 2 % i 2022 samanlikna med 2021. Med avgrensa volumutvikling og sterk etterspørsel kan vi vanlegvis forvente høge prisar. Marknadssituasjonen er likevel spesiell i inngangen til 2022, med oppløysing av strenge smittevernrestriksjonar som er forventa å tilbakeføre volum i HoReCa-segmentet, samtidig som volumauken i daglegvarehandelen som følgje av pandemien er forventa å bidra til vekst samanlikna med volumet før Covid-19.

Bremnes Seashore vil fortsette å investere i heile verdikjeda for å støtte organisk vekst. Styrken til marknaden for fersk laks har blitt testa gjennom auka prisar over fleire år, og etterspørselen har vore stabil. Ein betydeleg drivar i denne samanheng er foredla lakseprodukt, der trenden er at laksen er flytta vekk frå den tradisjonelle fiskedisken. No er han i stadig større grad å finne som enkle og brukarvenlege produkt i ferskvareseksjonen i alle typar daglegvarebutikkar. Gjennom produktutviklinga innan laksekategori, kan kundane i større grad velje ferske, ferdigpakka produkt eller varer med større foredlingsgrad. Denne posisjoneringa blir vurdert som spesielt viktig, då høge prisar har opna for auka landproduksjon nærare marknaden. Vi har tru på at ei tydeleg posisjonering, basert på produktkvalitet, berekraft, sunnheit og sterke merkevarer, vil vere eit viktig tiltak for å oppretthalde tilfredsstillande marginar.



Trass høge råvareprisar har foredlingsaktivitetane levert svært gode resultat. Desse er oppnådde gjennom effektiv kapasitetsutnytting i produksjonen og vidareutvikling av sterke merkevarer, godt støtta av marknadsarbeidet i konsernets salselskap Salmon Brands og Sjør. Salselskapa har bidrege sterkt til å styrke konsernet sine merkevarer gjennom ei innovativ marknadstilnærming som har utvikla både volum og produktattraktivitet. Etterspørselen etter ferske lakseprodukt aukar kvart år, og konsernet ser fleire spennande utviklingsretningar dei komande åra.

Kvalitetsomgrepet er i rask endring og forbrukarane krev stadig meir av oss. Kundane våre stiller no tydelegare og meir omfattande kvalitetskrav. Desse trendane er svært sentrale for den vidare utviklinga av Bremnes Seashore og konsernet, sidan vi sel kjente merkevarer med sterkt omdømme i marknadene. Laksen skal sjølvsagt smake minst like godt og sjå like delikat ut som i dag. For å møte forventingane må vi i tillegg bidra positivt til miljøet, folka og samfunnet rundt oss. Dette samfunnsansvaret vil krevje meir av oss i framtida, og vi skal vere ei av dei bedriftene som fangar desse endringane i tide.

Bremnes Fryseri-konsernet og Bremnes Seashore er i ein sterk posisjon til å møte krava frå kundane og forbrukarane. Vi set likskapsteikn mellom berekraft og lønsemnd, og vi er i fremste rekke i havbruksnæringa sin reduksjon av klimagassutslepp. Klima og miljø er viktige mål på berekraft, men samfunnsansvaret vårt handlar i tillegg om at vi skapar trygge arbeidsplassar og bidrar til levande lokalsamfunn. Vi forventar auka merksemd rundt leverandørleddet og aktsemdsvurderingar framover.

Bremnes Fryseri sin drift gir ringverknader til kommunane og staten, og vi meiner skattlegging er ein viktig del av samfunnskontrakten. Styresmaktene vedtok i statsbudsjettet for 2022 å auke verdisettinga av eldre akvakulturøyve, noko som gir familieeigde selskap ei låst skattebyrde uavhengig av inntening, medan verdisetting av aksjar i børsnoterte selskap endrar seg med lønsemnda og børsverdien. Styret meiner denne endringa hindrar innovasjon og bruk av ny teknologi for å sikre auka berekraft, og er uheldig for mangfald og lokalt eigarskap i næringa.

Til tross for at verda har vore gjennom ein pandemi i 2020 og 2021, så har marknaden for hovudproduktet til selskapet utvikla seg positivt. Normaliseringa av marknadene i ei post-covid-verd gjer at 2022 har starta med god etterspørsel og rekordhøge prisar. Den siste tids utvikling i Ukraina, med krigstilstand i Europa, har likevel ført med seg ny usikkerheit og endra rammevilkår. På kort sikt påverkar auka olje- og kornprisar og flyforbodssoner våre logistikklysingar, noko som gir redusert kapasitet og auka kostnader.

Effekten av redusert eksport til Russland frå andre land, og redusert eksport til Ukraina, vil truleg kunne påverke prisane noko for året totalt. Vi forventar likevel fortsett at det vil vere ein stram balanse mellom tilbod og etterspørsel i 2022, med tilhøyrande høgt prisnivå på laks.

Totalt sett er den globale marknaden for laks svært sterk. Dette, kombinert med arbeidet med å utvikle og styrke den felles konsernkulturen – der alle tilsette veit korleis deira innsats bidreg til å oppnå dei strategiske måla våre – gjer at styret har høge forventningar til utviklinga av selskapet i fortsettinga.

Bremnes, 5. april 2022

Einar Eide
Styreleiar/Adm.dir

Bjarte Salomonsen
Styremedlem

Jarle Jensen Toen
Styremedlem

Vibece Sørvik
Styremedlem



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjarte Salomonsen

Styremedlem

På vegne av: Bremnes Seashore AS

Serienummer: 9578-5993-4-872343

IP: 81.167.xxx.xxx

2022-04-05 12:49:31 UTC



Einar Eide

Administrerende direktør

På vegne av: Bremnes Seashore AS

Serienummer: 9578-5999-4-2479455

IP: 81.167.xxx.xxx

2022-04-05 13:46:17 UTC



Einar Eide

Styreleder

På vegne av: Bremnes Seashore AS

Serienummer: 9578-5999-4-2479455

IP: 81.167.xxx.xxx

2022-04-05 13:46:17 UTC



Vibece Sørvik

Styremedlem

På vegne av: Bremnes Seashore AS

Serienummer: 9578-5998-4-1423011

IP: 109.247.xxx.xxx

2022-04-05 16:07:29 UTC



Jarle Jensen

Styremedlem

På vegne av: Bremnes Seashore AS

Serienummer: 9578-5997-4-1509174

IP: 89.8.xxx.xxx

2022-04-05 16:17:10 UTC



Penneo Dokument ID: QFZSY-P4H1Z-UFUU5-N7ZX7-U3NII-61PLE

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



KPMG AS
Sæ 136
5417 Stord

Telephone +47 45 40 40 63
Fax
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlingen i Bremnes Seashore AS

Uavhengig revisors beretning

Konklusjon

Vi har revidert Bremnes Seashore AS' årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav,
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2021, og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for informasjonen i årsberetningen. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:

Oslo	Elverum	Mo i Rana	Stord
Alta	Finnsnes	Molde	Straume
Arendal	Hamar	Skien	Tromsø
Bergen	Haugesund	Sandefjord	Trondheim
Bodo	Knarvik	Sandnessjøen	Tynset
Drammen	Kristiansand	Stavanger	Ålesund

Penneo Dokumentnøkkel: HIN6B-FEL2P-STMMW-MX4LW-S3MLP-5X7E1



Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Stord, 12. april 2022
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2022-04-12 11:35:08 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: HIN6B-FEL2P-STMWV-MX4LW-S3MLP-5X7E1

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>